

Handlingsplan for BKSF 2013

1. Rekruttering.

BKSF vil:

- hjelpe NKSF med å spore opp aktuelle medlemskor.
- stendig gjera kjend BKSF sitt arbeid med arrangement nye stader i bispedømmet,
- stimulere til aktivitet på prostiplan. (BKSF sender m.a. ut logofiler for NKSF og BKSF til bruk for medlemskora ved arrangement.)
- at relevante lokale salmekvelder/ konsertar kan arrangerast i samarbeid med Bjørgvin Kyrkjesongforbund
- vere i dialog med, og ta initiativ til, samarbeidsprosjekt med Ung Kyrkjesong.
- opprette samarbeid med bispedømmeråd/kontor og fellestråda.
- søkje kontakt med moglege samarbeidspartnarar i kulturlivet generelt.

2. Økonomi

Kontingenten er grunnstamma i økonomien. Det vert søkt om stønad for 2013 frå Bergen kommune, kulturavdelinga. Det vert søkt om kursstøtte frå Hordaland Musikkråd.

3. Web-side

BKSF har si eiga web-side: www.kirkesang.no/bjorgvin. Vi ønskjer å bruke denne sida meir aktivt, slik at den kan verta ein viktig arena for kora. Vi ønskjer også at denne sida skal bli ein ressursbank der vi lagrar informasjon frå tidlegare verksemd i BKSF.

Informasjonsbrosjyra "Kyrkjemusikk i Bjørgvin" var ein god idé praktisert i 2010-2011.

Denne kalenderen kan gjerne videreførast dersom korene og andre produsentar av kyrkjemusikk syner at dei ynskjer å ta den i bruk. BKSF ser gjerne at dette evt. kan vera i samarbeid med bispedømmet, eller at bispekontoret tar over ansvaret for kommunikasjon og oppfølging av ein slik kalender.

4. Kurs

BKSF

- tilbyr kurs i Bibelske salmer i Bergen ved kantor Harald Holtet i slutten av oktober.
- tilbyr kurs som kan hentast heim til korene, til dømes stemmebruk og kortonedanning, liturgisk verkstad, temakvelder om liturgi m.m.
- oppmodar regionane om å tenkje felles kursprosjekt.
- tilrår Musica Sacra kurs som går vekselvis som sommar og vinterkurs. Kvar sitt år.
- vurderer å registrera BKSF på Facebook.

5. Kyrkjesongfestar og festivalar

BKSF innbyr medlemskora til vårtreff i Slettebakken kirke søndag 26. mai 2013.

Kora som har høve til det, kan delta ved høgmesser i ulike kyrkjer undervegs.

BKSF har i mange år ønskt å få i stand ein regelmessig kyrkjemusikkfestival i Bjørgvin. Styret arbeider vidare med dette, evt. inn mot samarbeid med Bergen domkyrkje og bispedømmet ved kultursekretæren.